



# ESPERANTO-NYTT

*Informasjonsblad*

*frå Norsk Esperanto-Forbund 2/2023, haust*

## **Oppdatert grammatikk, både digitalt og på papir**

Den mest omfattande framstillinga av esperanto-grammatikken, Plena Manlibro de Esperanta Gramatiko, er no tilgjengeleg digitalt i oppdatert versjon. Samstundes kjem den meir kortfatta utgåva Detala Gramatiko de Esperanto ut i ny utgåve på papir.

Medan førstnemnde nyttar grammatiske terminar tilpassa esperanto, er framstillinga i kortversjonen meir tradisjonell og rettar seg særleg mot dei som skal lære språket. Denne finst også digitalt med norsk hjelpetekst på <https://lernu.net/gramatiko>.

## **Esperanto-verdskongressen: Frå Torino til Arusha**

Esperanto-verdskongressen fann stad i Torino i juli-august og samla i år i overkant av 1300 deltakarar. Fleire av programpunkta, mellom anna det vitenskaplege programmet, esperantologi-konferansen og ulike seremoniar, var også tilgjengelege for digitale deltakarar.

I følge styret i verdsesperantoforbundet UEA er organisasjonen no i økonomisk balanse, etter fleire år med kostnadskutt. I 2024 er planen for første gong å arrangere kongressen i Afrika, nærare bestemt i Arusha i Tanzania.

## **Arv styrkjar esperanto-arbeidet i Noreg og Sverige**

Ester Olsen frå Korgen var i mange år aktiv i esperanto-miljøet i Noreg og Sverige. Då ho døyde i 2022, etterlet ho delar av arva si til dei norske og svenske esperantoforbunda.

Forbunda fekk i underkant av 200 000 kroner kvar, og pengane vil bli nytta til aktivitetar som fremjar språket i dei to landa.